



Førde IL Langrenn inviterer til

Strava Påskerenn 2020

Det er no lenge sidan sist konkurranse, og mange av utøvarane har kanskje eit lite håp om å få delta i ei god påsketevling? Førde Langrenn har fått tillating til å arrangere ei «Strava pop-up» påsketevling. Vi har laget 4 Stravasegmenter på Langeland skistadion for høvet. Alle segmentene finn du under med kart og link til Strava.

Tevlinga føregår i tidsrommet onsdag 8. april kl 07.00 til mandag 13. april kl 22.00.

Ein vel sjølv kva distanse ein vil gå, og når ein vil gå distansen. Det er høve til å gå same distansen fleire gonger, eller fleire distansar. Resultat vert lagt ut på Førde Langrenn si nettside etter at tevlinga er avslutta. Beste tid, idealtid, beste kostyme (krev bilete på Strava) og liknende vert gjenstand for hederleg omtale på sosiale medier.

Påmelding er ikkje naudsynt, men ved å trykke «skal» på arrangementets Facebook side, veit vi at du er med.

Rennreglement:


- Tevlinga føregår kun i det aktuelle tidsrom
- Du vel sjølv kva distanse og kva stilart du vil gå
- Deltakarar må ha Strava-profil – OBS eige reglement med aldersgrense.
- Deltakarar går ein og ein – NB hald avstand!
- Ta omsyn til andre turgåarar. Det er ingen anna annonsering av konkurranse. Vi oppmodar om å gå utanom «utfartstidar», gå t.d. om morgonen eller på kvelden.
- Hytta/toalett/garderobar er stengde
- Arrangementet vert kun annonsert på Førde Langrenn si side. Vi set pris på at dette ikkje vert delt i andre offentlege rom av omsyn til Helsedirektoratets tilrådingar, men det er sjølvstøtt høve for utøvarar frå andre klubber å delta også.

Strava Segmenter:

5 kilometer løype:

<https://www.strava.com/segments/23327043>



3 kilometer løype: https://www.strava.com/segments/23327188	
2 kilometer løype: https://www.strava.com/segments/23327256	
Sprintløype https://www.strava.com/segments/23327303	

Av omsyn til nok usikre forhold, har vi ikkje laget Strava segment for Gjøset og Fauskeløypa.

Styret i Førde Langrenn ønskjer alle utøvarar og freldre ei rett så god påske, og lykke til med godt påskerenn!!

